

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 09.02.2017
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per januar 2017**

Arkivsak
2017/457
Styresak 010/2017

Styremøte 17.02.2017

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per januar 2017 vert teken til vitande.

Rapportering fag

Ventetid ventande ved periodeslutt

Ventetid for dei ventande på 40 dagar i januar (43 i desember).

Tal på ventande inn

Samla tal ventande pasientar er 4673 i januar (4714 i desember).

Ventetid for starta behandling

Opp igjen til 51 dagar i januar (51 i nov., 47 i des.). Det er starta behandling av 2502 pasientar i januar (auke frå des. 1943), lett auke samanlikna med fjoråret (januar 2016: 2459).

Fristbrot samla (ubehandla/behandla)

Samla sett var det i desember registrert (21 → 17 → 4, tala endrar seg) (0 prosent).

I januar er det registrert 7 fristbrot, der 8 har fått helsehjelp i perioden (0 prosent).

Direkte timetildeling

94 prosent for første time (92 prosent i januar). Delen oppfølgingstimar er auka til 69 prosent i januar (63 prosent i desember).

	jul.15	nov.15	jan.16	apr.16	okt.16	jan.17
HELSE BERGEN HF	70 %	86 %	85 %	83 %	84 %	81 %
HELSE FONNA HF	75 %	84 %	84 %	88 %	84 %	84 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	90 %	88 %	88 %	88 %
HELSE FØRDE HF	68 %	90 %	93 %	93 %	90 %	94 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	86 %	91 %	92 %	88 %	94 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	95 %	96 %	96 %	96 %	97 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	86 %	78 %	81 %	70 %	65 %

Andel ikkje møtt

I Helse Førde ligg dette stabilt over dei siste seks månadene på litt over to prosent. (2,1 prosent i januar, 2,3 prosent i desember)

Epikrisetider i desember

Epikrisetider sju dager: Somatisk del 96 prosent ↑ (94), psykisk helsevern 90 prosent ↓ (96).

Epikrisetider ein dag: Somatisk 73 prosent (75), 38 prosent (45) prosent i psykisk helsevern – nedgang sammenlikna med november (tal i parentes).

Korridorpatientar

Talet har gått opp i januar, frå 5 i desember til 26 (0,3 prosent). 16 på medisinsk klinikk, 10 kirurgisk.

Utskrivingsklare pasientar

34 døgn i januar (7 ulike kommunar, mest frå Vågsøy og Naustdal).

Stryking av planlagde operasjonar

26 strykingar av 589 planlagde operasjonar (4,4 prosent).

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 410	2 349	61	2 286	124	2 410	2 349	61	2 286	124
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	39	25	14	37	2	39	25	14	37	2
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 449	2 374	75	2 324	125	2 449	2 374	75	2 324	125
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	166	157	9	235	(69)	166	157	9	2 062	(1 896)
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 576	2 506	70	2 522	55	2 576	2 506	70	4 348	(1 772)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	406	372	34	378	28	406	372	34	378	28
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 048	1 009	39	1 097	(49)	1 048	1 009	39	1 097	(49)
Tal sjukehusopphald	1 603	1 642	(39)	1 585	18	1 603	1 642	(39)	1 585	18
Tal polikliniske konsultasjonar	11 881	11 055	826	11 297	584	11 881	11 055	826	11 297	584

Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,0 prosent høgare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 5,4 prosent høgare enn året før. Samla har dei somatiske klinkkane halde fram trenden med lågare tal døgnopphald enn planlagt. I januar var den polikliniske aktiviteten 7,0 prosent høgare enn budsjett, Dagbehandling var 3,9 prosent høgare enn budsjett, men 4,5 prosent lågare enn førre år.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 608	1 609	-1	1 670	-62	1 608	1 609	-1	1 670	-62
Tal utskrivne pasientar	97	91	6	99	-2	97	91	6	99	-2
Poliklinisk dagbehandling	54	28	26	26	28	54	28	26	26	28
Polikliniske kons. m/refusjon	2 184	2 166	18	2 259	-75	2 184	2 166	18	2 259	-75
Rus										
Tal heildøgnsopphald	561	696	-135	548	13	561	696	-135	548	13
Tal utskrivne pasientar	24	15	9	18	6	24	15	9	18	6
Polikliniske kons. m/refusjon	316	313	3	329	-13	316	313	3	329	-13
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	90	109	-19	80	10	90	109	-19	80	10
Tal utskrivne pasientar UPH	9	8	1	11	-2	9	8	1	11	-2
Polikliniske kons. m/refusjon	1 905	1 889	16	1 779	126	1 905	1 889	16	1 779	126

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Litt lågare aktivitet enn førre året.

Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn plan i perioden, noko som skuldast utfordring med flyten mellom avrusing og rehabilitering ved rusposten på Tronvik. Det er gjort endringar i oppgåvefordelinga, og vi reknar med å ha fullt belegg innan utløpet av februar.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

God aktivitet i perioden, både på UPH og ved poliklinikkane.

Beleggsprosent



Samla sett ligg beleggsprosenten på 74 prosent i januar, medan det har vore på 69 prosent dei siste 12 månadene. Beleggsprosenten har vore rimeleg stabil over tid, sjølv om tal senger blei justert ned i byrjinga av oktober.

Pasientar på pasienthotellet fell ut av statistikken fordi det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyføddavdelinga fell også ut då denne avdelinga ikkje har pasientar (vi tel berre mødrene).

Sengepostane registrer i liten grad postoverflytting når det flyttar pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev høgare beleggsprosent på sengepostene enn det reelle belegget.

Når vi vurderer tala, er det viktig å ha klart føre seg skilnaden mellom kva for avdeling pasienten er innskriven i og kvar pasienten ligg (til dømes kan ein medisinsk pasient ligge på ein anna sengepost). Det er og viktig å understreke at tala ikkje fortel noko om bemanninga.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	159 261	159 261	0	159 261	159 261	0
Inntekter pasientbehandling	60 453	60 180	273	60 453	60 180	273
Øyremarka tilskot	2 056	2 355	-300	2 056	2 355	-300
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	13 502	13 730	-228	13 502	13 730	-228
Sum driftsinntekter	235 272	235 526	-254	235 272	235 526	-254
Kjøp helsetenester	12 568	10 890	1 679	12 568	10 890	1 679
Varekostnad	21 664	20 363	1 302	21 664	20 363	1 302
Innleige personell	1 312	1 735	-424	1 312	1 735	-424
Personalkostnader	134 409	134 455	-46	134 409	134 455	-46
Pensjonskostnad	23 325	23 325	-0	23 325	23 325	-0
Ordinære avskrivningar	6 011	6 083	-72	6 011	6 083	-72
Andre driftskostnader	36 026	37 120	-1 095	36 026	37 120	-1 095
Sum driftskostnader	235 315	233 971	1 344	235 315	233 971	-1 344
Driftsresultat	-44	1 555	-1 598	-44	1 555	-1 598
Finansinntekter	3	117	-114	3	117	-114
Finanskostnader	101	421	-320	101	421	-320
Finansresultat	-99	-305	206	-99	-305	206
Ordinært resultat	-142	1 250	-1 392	-142	1 250	-1 392

Perioden

Resultatet i perioden blei om lag i balanse. Budsjettavviket etter første måned er 1,4 millionar kroner. Stenginga per januar er prega av mange avsetjingar. Nokre av avsetjingane er ei vidareføring av trenden i 2016, utan at vi har fått tal i januar. Det er stor uvisse knytt til aktivitet og MVA. Det gjer at risikoen for at resultatet er feil, er større enn andre månader. Til dømes har kostnadene til kjøp av helsetenester eit negativt avvik på 1,7 millionar, utan at vi har fått komplett underlag for januar og tidlegare periodar då rekneskapa blei stengd. Slik vi vurderer det, er det størst fare for at avsetjingane er vurderte for negative.

For dei områda med størst påverknad på resultatet er utviklinga i tråd med forventingane. Inntektene frå aktiviteten litt høgare og kostnadene til løn litt lågare enn budsjett.

Låg rente og lite bruk av driftskreditten gjev eit betre finansresultat enn venta.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 mill. kroner. Per 1. februar hadde Helse Førde trekt opp 55,9 mill. kroner av trekkramma.

Prognose

Prognosen etter januar er eit resultat i tråd med budsjett.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i desember 6,3 prosent mot 6,4 prosent førre år.

Månadsverk




Brutto månadsverk i januar var 2.239. Dette er 14 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk i januar var 2.061. Dette er 15 fleire enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendinger melde i avvikssystemet Synergi

Tabellen under viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:

Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.16-31.12.16:



Pasientrelaterte saker:

I desember var det meldt ei sak om at ambulansepersonellet hadde lite medisinske opplysningar om pasienten under transport med ambulansen. Opplysningane var vanskeleg å få tak i under transporten. Ei sak gjeld ein pasient som tok sine egne medisinar under opphaldet, utan at det var sagt til behandlande personell.

HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerheitsbrot som gjev fare for eller har medført skade for tilsette. Denne månaden blei det meldt om at to tilsette blei utsette for uheldig påverknad av kjemikaliar, og måtte få tilsyn. Det var og meldt om at ei eining mangla avtrekksvifte som skal brukast ved tillaging av intravenøs antibiotika.

IKT/informasjonsikkerheitssaker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne perioden er det meldt om at det kom fram sensitive opplysningar i ein undervisningssituasjon der tilsette frå fleire avdelingar var samla. Det var og meldt om at tilsett i eit anna føretak i Helse Vest sende dokument med sensitiv informasjon til utskrift på skrivar som var plassert i Førde.

Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Sist periode er det meldt ei sak om transport av blod mellom sjukehusa, der blodet vart utsett for feil temperatur under transporten og derfor måtte kasserast. Det var og meldt om at ein IKT-feil førte til at pasientane ved sjukehuset i Førde ikkje fekk sjå TV heile jule-/nyttårshelga.

Frekvente hendingar:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging, og særskilt i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar. Denne perioden er det meldt om at ein blodgjevar hadde noko låg blodprosent, slik at blodproduktet ikkje hadde topp kvalitet, men det blei likevel brukt.

Forbetringsområde:

Forbetringsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld egentlege avvik). Denne månaden kom det informasjon om at ei blodprøve blei merka med feil namn. Ei anna sak var om ein pasient som blei overflytta mellom sjukehusa våre. Denne pasienten hadde ikkje namneband, og kunne ikkje gjere greie for seg.

Klager/NPS (samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Sist månad var det meldt om at når mor og barn blir raskt utskrivne etter fødsel, kan det gå for lang tid før

helsesøster får beskjed om situasjonar der helsesøster skulle følgd opp barnet rett etter heimreise. Ei sak handla om at ein sjukeheim fekk munnleg beskjed om at ein pasient ikkje hadde brotskade, men då den skriftlege rapporten kom viste det seg at det likevel var beinbrot.

Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 31. januar 2017

HELSE-FØRETAK	OMRADE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak.		Om avvika: - Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. - Leinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursartil rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming. Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt FM den 4.11.2016. Brev frå FM 11.11 – gode tilbakemeldingar på tiltaka, ønsker ny status frå HFD innan 15.2.17	
Helse Førde	Statens Strålevern	Tilsynsrapport og varsel om pålegg av 24.10.16	3 avvik / pålegg		Avvik knytt til at: -arbeid med opne radioaktive kjelder vert utført i godkjent type B isotoplaboratorium -nukleærmedisinsk verksemd tilgang til kompetanse innan medisinsk fysikk -etablere system for regelmessige kvalitetskontrollar av nukleærmedisinsk apparatur, inkl. for stråledose og bilde kvalitet. For å oppfylle krav, og lukke avvik, er det utarbeidd oppdaterte eller nye prosedyrar/planverk/analyser knytt til det enkelte avvik. Svarbrev til Statens strålevern er sendt 12.01.2017	12.01.2017

Tabellane inneheld systemtilsyn under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert totalt fire tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 31.01.2017 – alle desse vidareført frå 2016.

Desse kontrollane vert utført både av eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Andre tilsyns- og klageorgan: Oversikt over saker som ikkje er avslutta i perioden.

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRADE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Lokale El-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, saka «open»	Rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Feilen ligg på nettet utanfor vår bygningsmasse, men vi får registrert feilen på oss. Sunnfjord Energi er engasjert. Det vert arbeidd med saka.	
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på forebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids-Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansetastj.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16 – ny frist 1.04.2017	Helse Førde har hatt dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Oppsummering frå møte med tilsynet gjennomført 26.01.2017: Helse Førde sender Arbeidstilsynet ei oversikt over alle ambulansetastasjonane der det blir gitt status OK eller Avvik på følgjande punkt: Garasje - utrykkingskøyretøy Garderobe Vaskerom Toalett-dusj Ventilasjon Kvilerom/soverom Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Når det gjeld Sogndal ambulansetastasjon opplyste Helse Førde at det står att nokre forhold som må avklarast med Sogndal kommune før ein kan setje i gang med nybygg. Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Helse Førde må dokumentere at dei tilsette har medverka båd når det gjeld utforming av nye lokale og midlertidige tiltak der dette er aktuelt.	